



Forskrift om satsar for utrekning av grunntilskot til private barnehagar i Etne kommune for 2027.

Fastsett av kommunestyre i Etne kommune XX.XX.2026 med heimel i [lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager \(barnehageloven\)](#) §§ 19 og 19a og [Forskrift om finansiering av private barnehager \(finansieringsforskriften\) - Lovdata](#) Forskrift 23. mars 2026 nr. 454 om finansiering av private barnehager (finansieringsforskriften) § 1 , jf. § 6 og (§ 17 første ledd og § 18 første ledd).

§ 1. Verkeområde og ikraftsetjing

Forskrifta fastset satsar for utrekning av grunntilskot til private barnehagar i Etne kommune for tilskotsåret 2027.

Forskrifta gjeld for private ordinære barnehagar i kommunen som har rett til tilskot etter barnehagelova § 19, første og andre ledd.

Forskrifta tek til å gjelda frå 01.01.2027.

§ 2. Satsar for grunntilskot

Ved utrekning av grunntilskot til private barnehagar vert følgjande satsar per heiltidsplass nytta:

Ordinære barnehagar

- Barn 0-2 år: kr. 305 952,-
- Barn 3-6 år: kr. 163 600,-

§ 3. Utrekningsgrunnlaget og atterhald om endringar

Satsane er berekna på grunnlag av det siste tilgjengelege kommunerekneskap som er rekneskapsåret 2025.

For ordinære barnehagar er satsane rekna ut frå kommunen sine ordinære driftsutgifter i tilsvarande kommunale barnehagar, med frådraga og påslaga som følgjer av barnehagelova § 19a og finansieringsforskrifta.

Foreldrebetaling for kommunale barnehagar er trekt frå utrekningssgrunnlaget.

Satsgrunnlaget er indeksregulert med kommunal deflator (forventa pris- og lønnsvekst i kommunesektoren).

Kommunen tek atterhald om at satsane kan justerast dersom:

- Stortinget vedtek endringar i kommunal deflator
- Stortinget vedtek endringar i maksimalpris for foreldrebetaling
- Kommunen vedtek lågare foreldrebetaling enn nasjonal maksimalpris
- Nasjonale myndigheiter vedtek endringar i lov og forskrift i løpet av tilskotsåret som fører endringar i utrekning av satsar.

Eventuelle justeringar av satsar som følgje av forhold nemnde ovanfor, vert gjorde administrativt utan varsel på førehand jf. [forvaltingslova § 37 fjerde ledd bokstav c](#). Justerte satsar vert formidla til private barnehagar og forskrifta vert oppdatert utan ugrunna opphald.

§ 4. Dokumentasjon for berekninga

Utrekninga av satsane er gjort i samsvar med gjeldande regelverk og grunnlaget går fram av vedlagte dokument «*Sats grunntilskot private barnehagar i Etne*».

Dokumentasjonen er utarbeidd i samsvar med rettleiar frå KS/PBL.

§ 5. Einskildvedtak om kommunalt tilskot

Tilskot til den einskilte private barnehage vert fastsett som einskildvedtak etter [barnehagelova §§ 19a-c](#) og [finansieringsforskrifta § 3](#). Vedtaket skal byggja på satsane som er fastsette i denne forskrifta.